



DEN NORSKE KYRKJA

Dovre kyrkjelege råd

Til Kultur- og kirke departementet

Dovre, 29. august 2008

## **Uttale frå Dovre kyrkjelege råd til høyringa "Styrket demokrati i Den norske kirke"**

Dovre kyrkjelege råd er organ med slik mynde og ansvar:

- sokneråd for Dovre sokn
- sokneråd for Dombås sokn
- kyrkjelege fellelråd for Dovre.

Dovre kyrkjelege råd (DKR) har handsama høyring om "Styrket demokrati i Den norske kirke" i møte 28. august og gjev slik uttale:

"Dovre kyrkjelege råd er i hovudsak samd i arbeidsgruppas forslag, men har desse merknadane:

- Punkt 5.2.3: DKR er mot ordning 2, som rådet oppfatter som ei blanding av dagens ordning og foreslått ordning 1. Ordning 2 medfører ekstra arbeid og vil vere vanskeleg å kommunisere og forklare.
- Punkt 5.2.3: DKR drøfta kor vidt direkte valg av leke i bispedømmerrådet kan medføre at desse i hovudsak kjem frå tett befolka område i og med at det er flest stemmeberettigede der. I så fall vil det vere uheldig.
- Punkt 6.1: 2 år valgperiode er for kort tid til å få gjort så mykje; 1. året har stor fokus på opplæring og 2. året på nytt valg. DKR drøfta fordeler og ulemper ved å halde kyrkjelege valg samstundes med kommunevalg (kontra stortingsvalg som no). Fordeler: kyrkjesaker kan få større fokus i det lokale offentlege valget, større oppslutning ved kommunevalg enn ved stortingsvalg. Ulemper: kan vere vanskeleg å få nok folk til å stille ved to lokale valg samstundes, mange lister ved valget (kommunestyret, fylkestinget, soknerådet, bispedømmerrådet).
- Punkt 6.1: DKR støtter forslaget om kyrkjevalg samstundes og samme stad som offentlege valg. Dovre hadde det ved siste soknerådsvalg og er fornøgd med både gjennomføring og oppslutning (25 %). Det vart hevda at i fylgje kommunevalglova er det ikkje lov å nytte samme inngang til andre valg. I så fall er det viktig at dette vert endra slik at det haldast valg i tilstøytande lokaler i samme bygning.
- Punkt 6.9-11: DKR meiner det er viktig at kyrkja generelt får betre ordningar for dei folkevalgte. Det er viktig for å styrke demokratiet og sørge for ei god balanse mellom tilsett administrasjon og folkevalgte. Dovre har pr. d.d. vilkår for folkevalgte som er mest dei samme som dei kommunale. Vår erfaring er at dagmøter er eit viktig tiltak, og at tiltaket bør vurderast for å gjere kyrkjelege verv meir attraktive. Opplæring er viktig, og gjerne pr. råd med utgangspunkt i lokale utfordringer.
- Punkt 6.12: DKR etterlyser ei ordning med kontroll og godkjenning av valglister ved soknerådsvalg, og meiner dette bør etablerast for å sikre seriøsitet ved valget og tillit hjå velgarane. Bispekontoret kan vere eit slikt kontrollorgan.